



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Dato: 25.09.2017  
Vår ref.: 2017/15677-1  
Saksbehandlar: oddber3  
Dykkar ref.:

## Søknad om stønad til nasjonalt pilotprosjekt - "Produksjonsskule med heildøgnsdrift som tiltak mot utanforskap og fråfall i vidaregåande opplæring"

Vi viser til Kunnskapsdepartementet (KD) sin invitasjon (datert 20.06.2017) til fylkeskommunane om å søkje midlar til tiltak retta mot ungdom som fell utanfor opplæring og arbeid. Hordaland fylkeskommune vil med dette søkje om midlar til å etablere eit heildøgnstilbod retta mot denne gruppa – Hjeltnes produksjonsskule i Hardanger.

### Bakgrunn og mål for tiltaket

Hordaland fylkeskommune ynskjer å sikre rask tilbakeføring til skule eller anna opplæring når elevar fell frå tilbod i vidaregåande opplæring, eller ikkje tek til i opplæring/arbeid etter avslutta grunnskule. Dette prosjektet handlar difor om å utvikle gode, individuelle og organisasjonsmessige læringsprosessar, nye måtar å organisere opplæring på, og å styrke tversektoriell samhandling. Målet med tiltaket er å betre denne ungdomsgruppa sine vilkår for å lukkast i vidare utdanning og arbeidsliv.

I 2015 etablerte Hordaland fylkeskommune Hyssingen produksjonsskule som eit forsøk. Her kan ungdom som er utanfor opplæring eller arbeid få eit praktisk tilbod som er tufta på arbeid og opplæring i verkstad. Produksjonsskulen skal vere eit alternativt og tilbakeførande tiltak for unge som har falle frå enten på yrkesfaglege eller studieførebuande utdanningsprogram, eller som treng eit mellombels alternativ i overgang mellom grunnskule og vidaregåande opplæring. Opplæringsmodellen byggjer på eit sosioculturelt læringssyn. Danningsomgrepet og sosial kompetanse vert sidestilt med fagleg utbyte, og organisering av opplæringa vert tilpassa lokal kontekst.

Hyssingen produksjonsskule er eit tilbod på dagtid først og fremst for dei som bur i bergensområdet. Ei viktig erfaring vi har gjort på Hyssingen, er at for ungdom med monalege utfordringar på heimebane kan eit reint dagtilbod vere for spinkelt for å skape grunnlag for å greie seg i ein kompleks livssituasjon. Hordaland fylkeskommune ønskjer og eit tilbod i distriktet som kan fange opp ungdomar frå resten av regionen, eventuelt og frå andre regionar eller fylke.

Etablering av eit aktiviserings- og oppfølgingstilbod i distriktet er innovasjonen i prosjektet; ein produksjonsskule som og er eit heildøgnstilbod og kan dekke ulike behov i målgruppa. Dette vil utfylle det eksisterande forsøket som er i gang på Hyssingen produksjonsskule både med tanke på innhald, behov i målgruppa, og at ein får eit desentralisert tilbod.

Hordaland fylkeskommune vil, med utgangspunkt i to konkrete tiltak, og i samarbeid med forsking, greie ut føresetnader for å etablere produksjonsskule som nasjonal modell.  
(Prosjektskisse sjå vedlegg 1).

## Målgruppe for tiltaket

Fylkeskommunen sitt ansvar er lovfesta i opplæringslova kap13, opplæringslova § 3-6 og forskrift til opplæringslova kapittel 13. Fylkeskommunen organiserer ansvaret gjennom *Oppfølgingstenesta (OT)*.

Det er ungdom i Oppfølgingstenesta(OT) si målgruppe som er aktuelle for å delta på ein produksjonsskule.

Fylkeskommunen har ansvar for all ungdom mellom 16 og 21 år som

- a) ikkje har søkt eller teke imot elev- eller lærepass, eller
- b) avbryt slik opplæring, eller
- c) ikkje er i arbeid, eller
- d) har tapt opplæringsretten som følgje av vedtak om bortvising med heimel i opplæringslova §3-8 eller
- e) som følgje av vedtak om heving av lærekontrakt eller opplæringskontrakt i samsvar med opplæringslova §4-6

Føremålet med oppfølgingstenesta er å sørge for at all ungdom som hører til målgruppa, jf. § 13-2, får tilbod om opplæring, arbeid eller andre kompetansefremjande tiltak, eventuelt ein kombinasjon av desse. Tilboda skal primært ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse innanfor vidaregåande opplæring.

Målgruppa for produksjonsskulen på Hjeltnes vil difor vere dei ungdomane som ikkje har hatt tilstrekkeleg utbyte av dei tilboda som allereie er etablerte.

## Produksjonsskule som ledd i eit kompetansegivande løp

Ungdomen skal i hovudsak delta i praktisk produksjon og kan dermed kome i gang med nokre av kompetansemåla i eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Dei kan difor gå ut med dokumentasjon på oppnådd fagkompetanse, og kan få godskrive læreplanmål eller avkorta opplæringstid i ei yrkesfagleg utdanning. Vidare kan produksjonsskulen vere aktuell som lærebodrift innan einskilde fagområde. Ungdom som følgjer opplæring på studiesenter, vil få dokumentasjon på oppnådd kompetanse i teoretiske fag.

For nokre ungdomar vil deltaking i produksjon ha som siktet mål å skape tryggleik og tillit, auke sosial handlingskompetanse og å etablere grunnlag for fagleg fokus eller arbeidstrening.

Grunnleggjande ferdigheiter som lesing, skriving, rekning, digital kompetanse og munnleg framføring er ein naturleg del av læringsteorien. Tverrfaglege tema fra *Overordnet del - verdier og prinsipper* (jmf. Høyritsutkast frå Kunnskapsdepartementet) vil vere ein raud tråd gjennom all aktivitet.

## Evaluering - følgjeforskning

Det er lagt vekt på at tiltaket vert følgt opp med forsking som kan gje eit breitt kunnskapsgrunnlag for innovasjonsarbeidet og auke kvaliteten i oppfølginga av ungdom utanfor skule og arbeid. Dette vil også gi eit betre grunnlag for ein nasjonal produksjonsskulemodell.

Det er aktuelt å fokusere på følgjande område:

- ✓ Kartleggje dei lokale føresetnadene for at ein lukkast, både organisatorisk og med tanke på kompetanse, fysisk læringsmiljø, relasjonar til lokalt næringsliv og utdanningstilbod
- ✓ Samhandlinga mellom ulike aktørar; NAV, andre OT-tiltak, psykisk helse, næringsliv og kommune

- ✓ Produksjonsskulane sin kompatibilitet med nasjonalt læreplanverk og andre førebyggjande og tilbakeførande tiltak
- ✓ Kva for erfaringar ein kan overføra frå Hyssingen til ein produksjonsskule i distriktet
- ✓ Kor kostnadseffektiv produksjonsskulane er i høve til andre tiltak med omsyn til gjennomføring av vidare opplæring.

Det er etablert eit samarbeid med forskrar knytt til Uni Research – Rokkansenteret. Hordaland fylkeskommune har på vegne av dette samarbeidet søkt på forskingsmidlar frå FINN UT / Norsk forskingsråd (sjå vedlegg 2). Vi er kjende med at søknaden er til behandling i Forskningsrådet, og det er venta avgjerd i slutten av oktober 2017.

Målsettingane skal forskingsprosjektet oppnå ved følgjande arbeidspakkar:

**Arbeidspakke 1: Utvikling av produksjonsskulen på Hjeltnes i tråd med læreplanverket**  
Aksjonsforsking: Utvikle fagleg innhald i produksjonsskuletilboda i tråd med gjeldande læreplanverk.  
Systematisering av erfaringar og kunnskapsoverføring frå Hyssingen

**Arbeidspakke 2: Lokale føresetnader for utvikling av heildøgnstilbod på Hjeltnes**

Følgjeforsking: Identifisere tenleg organisatorisk plassering og kartlegge lokale føresetnader som organisasjon, kompetanse, fysisk læringsmiljø, relasjonar til kommunale tenester, lokalt næringsliv og utdanningstilbod.

Identifisere kritiske faktorar for utvikling av heildøgnstilbod ved Hjeltnes.

Følgjeforsking av innovasjonsprosessen i Hordaland fylkeskommune: Vurdere korleis resultat frå prosjektet kan implementerast i fylkeskommunen sitt vidare utviklingsarbeid.

**Arbeidspakke 3: Individuelle føresetnader og gevinstar for deltakarane i produksjonsskulular**

Kartlegging av seleksjonskriterium for deltaking i produksjonsskulular.

Følgjeforsking: Følgje deltakarar i produksjonsskulen, og vidare i inntil to år etter avslutta opphold ved begge produksjonsskulane. Kva er deltakarane sitt utbyte av produksjonsskulen medan dei er i tiltaket og i etterkant?

**Arbeidspakke 4: Samfunnsøkonomisk evaluering**

Forsøk med ei tiltaksgruppe og ei kontrollgruppe der begge gruppene er vurdert å vere like med omsyn til potensialet for tilbakeføring.

Gjennomføre ein kosteffektanalyse basert på individdata frå forsøket. Er produksjonsskuletiltaket ein meir kostnadseffektiv måte å auke deltaking i arbeidsliv eller vidare skulegong 6, 9 og 12 månader etter tiltaksslutt?

Følgje dei same deltakarane med sikt på å samanlikne dei akkumulerte nivåa på tilleggsressursane fylkeskommunen har sett inn i løpet av dei første to åra etter tiltaksslutt. I kva situasjon er deltakarane to år etter tiltaksslutt i arbeid eller i utdanning?

Funn frå alle dei fire arbeidspakkane vil vere grunnlag for vidare utvikling av Hjeltnes og skal nyttast i fylkeskommunen sitt vidare arbeid med målsettinga om auka gjennomføring og læringsutbyte i vidaregåande skule.

## Kostnader Hjeltnes produksjonsskule

Tabellen under viser utrekning av årleg driftskostnad med 4 produksjonsverkstader, administrasjon og stab og døgntilbod med internat, kantinetilbod og fritidsaktivitetar. I utrekninga er det lagt til grunn eit tilbod til 10-12 ungdomar i kvar verkstad.

<b>Drift</b>	<b>Adm/stab</b>	<b>4 verkstader</b>	<b>Døgntilbod</b>	<b>Sum</b>
Kostnader	kr 4 120 000	kr 6 500 000	kr 4 530 000	kr 15 150 000
Inntekter	kr -	kr -1 250 000	kr -100 000	kr -1 350 000
Netto drift	kr 4 120 000	kr 5 250 000	kr 4 430 000	<b>kr 13 800 000</b>

Det er rekna med salsinntekter frå produksjonen som er planlagt i dei fire verkstadene. I tillegg er det rekna med salsinntekter av kantinedrifta på sal av mat til tilsette og elevar som tek del i andre undervisningstilbod på Hjeltnes, til dømes fagskule og vaksenopplæring. Det er ikkje rekna med elevbetaling på døgntilbodet. Dersom elevane ved produksjonsskulen får rett til bortebuarstipend, kan ein legge til grunn ei elevbetaling på om lag 2 mill. kr årleg.

## Prosjektplan – realisering av nasjonal pilot

Det er utarbeidd ei prosjektskisse for pilotering av eit produksjonsskuletilbod på heildøgnsbasis på Hjeltnes i Hardanger. Prosjektskissa er vedlagt denne søknaden (vedlegg 1). Prosjektet er klart til ei gradvis realisering med første inntak av ungdommar frå hausten 2018.

Hordaland fylkeskommune ynskjer gjennom ein utprøvingsperiode å bidra til ein modell for tilbakeføring til vidaregåande opplæring som bør ha nasjonal interesse.

Produksjonsskulen i Hardanger vil medføre kostnader til drift på om lag 14 millionar kroner i fire år i tillegg til naudsynte investeringar i verkstader og bygg. Hordaland fylkeskommune søker med dette om eit årleg tilskot på 9 millionar kroner i fire år frå KD.

Vedlegg:

1. Prosjektskisse
2. Søknad NFR – FINN UT

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.